



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for desember 2017.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang 53



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Sverre Jarl Ulstein
Visepres:	Vegard Gjerde
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Eileen Hareide Brandal
Styremedlem:	Bjørn Teigene
Styremedlem:	Knut Strømsjordet
Ansv.red.:	Vigdis Riise
Referent:	Vigdis Riise

## KALDT OG MØRKT OG LITE SOL

Kaldt og mørkt og lite sol, såleis er det fram mot jol.  
Snø og is all jordi gøymer, allting ligg i lengt og drøymer.

Barnet spør kor langt det lid enno fram mot juletid  
Mor så mangt har med å fara, likevel ho støtt lyt svara.

Når så klokketonar skjelv under høge himmelkvelv  
melder malmsterk tonebåre største høgtidskveld i året.

Verda fekk ein liten gjest difor held vi barnefest.  
Små og store høgt må kveda saman om den store gleda.

L.F.Hov 1912

## **Referat frå Rotarymøte 4. desember 2017.**

Sverre Ulstein ønskte alle velkomne og dagens sang var «Nisser og Dverger»

Karin orienterte fra Mamma Clara i Peru.

Erna som for tiden er i Peru og handler inn nødvendig utstyr. Klær, skoleuniformer, Julegaver og alt fra dopapir til vaskemiddel. Kjøleskapet var ødelagt så har vi fått kjøpt et nytt stort et.

Der er 16 barn som skal leies og koses med i tillegg er der 5 store jenter på hjemmet. 2 av disse skal flytte til Arequipa for å studere.

8 Rotaryklubber på Sunnmøre har gått sammen for å renovere kjøkkenet på hjemmet.

Karin Holstad i Hareid Rotary er initiativtaker og prosjektansvarlig.

Det ble diskutert fremtidige programinnslag og Sverre Bjåstad kom med mange gode forslag.

Deretter vart det litt komite arbeid og «god prat» rundt bordet.

## **Referat frå Rotarymøte 11. desember 2017.**

President Sverre Ulstein ønskte som vanleg velkomne til møtet som vart opna med song. Dette møtet var avsett til gjennomgang av rekneskapen frå 1. halvår i rotaryåret og gjennomgang av budsjettet for 2.halvår d.v.s frå 01.01.2018 til 01.07.2018

Kasserar Hanne Rognan presenterte dette saman med president Sverre.

Vi fekk ein god og grundig gjennomgang der det var stilt spørsmål frå «salen» og der det kom fram at vi alle må prøve å få med fleire medlemmer som kan dele på utgiftene.

Neste møte vert julemøte med lutefisk og påmeldingsskjema vart sendt rundt.

## **Referat frå Rotarymøte 20. november 2017.**

Vi opna møtet med songen «Det lyser i stille grender» og presidenten ønskte medlemmer og spesielt sokneprest Margit Holte hjarteleg velkomne til julemøtet der vi får servert lutefisk med godt tilbehør og mør til den som ikkje likar fisk.

Salen var fint pynta med kvite dukar, kristorn og levande lys.

Harald Teigene og Jørn Gjerde var som vanleg velvillege og gode kokkar på kjøkenet.

Men før vi fekk smake på maten, heldt prest Margit eit fint og tankevekkjande foredrag der emnet var om «å ta vare på og bry oss» om kvarandre.

Maten smakte kjempegodt og stemninga i salen var god, og dermed vart vi sitjande til klokka var langt over tida før vi øngste kvarandre God Jul og song til slutt «Deilig er jorden».